

Rådmannen i Modalen kommune  
Her.

03. oktober 2018

## **Søknad om tilskot til drift av Mo Sokn for 2019.**

Mo Fellesråd gjorde i møte 26. september, sak F 18/2018 slikt samrøystes vedtak:  
**«Budsjett 2019 for Mo sokn vert godkjent slik det ligg føre».**

Mo Sokn søker med dette om kommunalt tilskot til drift av Mo Sokn for 2019 på kr 1.114.500,-.

### **Kyrkjeverga sine kommentarar til budsjettet:**

Budsjettet 2019 for Mo sokn balanserer med utgift kr. 1.272.500,- . Tilsvarende tal i 2018 var 1.230.700,-. Budsjetterte inntekter 2019 utanom kommunetilskot er på kr. 158.000,-. Kommunetilskotet er auka med 3% til kr. 1.114.500,- frå 1.082.100.

I prosent aukar våre utgifter frå 2018 til 2019 med 3,4%.

Vedlikehald og opprusting av Mo kyrkje har vore prioritert dei siste åra og i åra framover reknar eg med det vil halda med ordinært vedlikehald.

### **Andre kommentarar til 2019-budsjettet:**

- Der er budsjettert med kr 12.000, i auke-i kursing av tilsette og evt. sokneråd.
- Budsjettert med kr 10.000,- i overføring frå staten i høve soknerådsvalet.
- Budsjettert med kr 7.500,- i post 11200, anna forbr.materiell, mat etc, i høve soknerådsvalet.
- Rekneskap og revisjon er budsjettert med kr 26.000,- mot kr 18.000,- i 2018.
- Lønsutgifter til kyrkjegardane er redusert. Samla utgift er likevel den same; teknisk etat fakturerer kantslått, som vert budsjettert på konto 12700.
- Matbudsjettet i konto 44.11200 er auka med kr 8.000,-. Denne posten vert brukt, i tillegg til trusopplæring, også til å dekkja mat på medarbeidarfesten. Rekneskap for 2017 summerer posten til drøye 40.000,-.

Dersom de ynskjer ytterlegare informasjon er det berre å ta kontakt.

Med helsing

Lars Bjarte Nesheim  
Kyrkjeverge Mo Sokn